



Dommarane i arbeid i fjor

I fjor vart det lenge å venta før avgjerda vart kunngjort i Kvinnhersmeisterskapet i juleølbyggjing i Dønhaugkjedlaren. Slik vert det ikkje i år, fordi dysten om det beste ølet vil vera avgjort før uppskoka.

Det vert ein spennande dyst der ein vil få svar på dette spørsmålet: Vil det lokale Humlepungen Bryggjarlag ta revansj etter nederlaget i fjor, då Avkroken Bryggjarlag frå Sunde gjekk klårt til topps? Humlepungane meiner sjølve at dei har gjort ein god jobb under byggjinga som gjekk føre seg 8. november, altså ein månad før meisterskapsdagen neste laurdag.

2 av dei 3 som sat i dommarpanelet i fjor kjem att i år og det er ikkje kven som helst: Trubadur og 5 gonger Noregsmeister Robert Smith-Hald frå Pennsylvania og Bergen og John Gunnar Lundquist frå Halsnøy skal avgjera det heile og så spør det på deltakinga.

I fjor var det 11 lag som stilte opp til slutt og det er liten grunn til å tru at det vert færre i år. Det ryktast i alle fall at det også vil bli meldt på lag som ikkje har vore med før. Det er Kvinnheringen som hadde ideen til og står for øloppgjeret.

Smith-Hald har som i fjor ei dobbeltrolle, han vil også gje sanglege utdrag frå sitt rikhaldige repertoar som i stor grad handlar om livet hans i heimlandet USA. Robert har fått ein spesiell status på Dønhaug, der han har sunge mange gonger og trivs særst godt. I fjor vart det til og med laga eit TV-program om han med Dønhaug som ramme.

Men det stoppar sjølvstyk ikkje med Robert, det vert også fleire musikalske innslag, kåseri og deklamasjon. Betasuppe står på menyen også i år. Magne Huglen og Kristian Bringedal skal ha påmeldingane og no gjeld det å vera ute i tide. Dette er eit av dei årlege høgdepunkta på Dønhaug.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Robert Smith-Hald er i ei dobbeltrolle også i år

